



Sogndal 21.04.2021

Møtebok for Sogndal kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 21.04.2021

Møtetid: kl. 13:30

Møtestad: Slinde, Møterom hjå Magne Ahlin (etter synfaring på Ølmheim)

Til stades:

Helge Ulvestad (nestleiar, Balestrand), Jon Erling Oppedal (Leikanger), Magne Ahlin (Norum), May Kristel Bødal (Kaupanger), Sverre Tufte Mundal (vara Fjærland), Vegard Bondevik Lie (geistleg medlem)

Frå administrasjonen møtte: Jorunn Merete Haukås-Eide (kyrkjevevje), Jostein Risa (rådgjevar/fungerande kyrkjevevje), Magny Ugulsvik Bukholm (rådgjevar)

Forfall:

Per Hilleren (leiar, Stedje), Berit C. Orheim (Fjærland), Frode Bøthun (komm. repr).

Saker

Meldingssaker

- Sak 000001 Møtedatoar og møtestader for fellesrådet våren 2021
- Sak 000002 Status for sprinkleranlegg i Leikanger kyrkje
- Sak 000003 Status for søknad om hjortegjerde rundt Kaupanger kyrkjegard
- Sak 000005 Ny parkeringsplass på Ølmheim må reduserast - ligg for nær mellomaldergravplassen
- Sak 000006 Spørsmål om attgraving av graver
- Sak 000007 Tjugum kyrkje og kyrkjegard er no heimelsført på Balestrand sokn
- Sak 000008 Kyrkjelydsbladet for Sogndal - spørsmål frå Balestrand bygdalag
- Sak 000009 Sjukemeld kyrkjetenar
- Sak 000010 Samhandling og arbeidsmiljø - neste stabsdag er fredag 30. april
- Sak 000011 Regjeringa lyser ut ekstra midlar til steinkyrkjer frå mellomalderen
- Sak 000012 Ny smittevernrettleiar i kyrkja pr.15. april 2021
- Sak 000013 Referat frå sokneråda

Vedtakssaker

Sak 008/21 Synfaring Ølmheim kyrkje og kyrkjegard

Vedtak:

- 1) Fellesrådet tek synfaringa på Ølmheim og informasjonen som kom fram der, med inn i vidare budsjettarbeid.
- 2) Fellesrådet er nøgde med å få ein ny parkeringsplass ved Ølmheim kyrkje, men ber administrasjonen ha tett dialog med Sogndal kommune for å få behalde han slik han er, utan store endringar.



DEN NORSKE KYRKJA

Sogndal kyrkjelege fellesråd

Sak 009/21 Årsrekneskap 2020

Vedtak:

- 1) Sogndal kyrkjelege fellesråd godkjenner den framlagde årsrekneskapen for 2020 med eit mindreforbruk i driftsrekneskapen på kr.631.286,-. Det er ikkje udekka meirforbruk frå tidlegare år.
- 2) Mindreforbruket, kr.631.286, blir overført til disposisjonsfond 55600000.
- 3) Investeringsrekneskapen for 2020 syner udekka finansiering på kr. 8.667. Dette blir dekkja inn av disposisjonsfond 55600000.

Sak 010/21 Godkjenning av Årsrapport 2020 frå Stedje kyrkjelege fellesråd

Vedtak:

Den framlagde «Årsrapport 2020 for Sogndal kyrkjelege fellesråd» vert vedteken slik han ligge føre.

Sak 011/21 Ekstraordinær tilbakeføring frå KLP til kundane

Vedtak:

Sogndal kyrkjelege fellesråd ber om å få saka attende i mai-møtet med oversyn over totale pensjonskostnader per år og eit estimat av kva AFP og særaldersgrenser vil gje av meirkostnader komande år.

Sak 012/21 Budsjettendringar 2021

Vedtak:

Sogndal kyrkjelege fellesråd tek framlegg om budsjettendringar til orientering, men kjem tilbake til endeleg vedtak om budsjettendringar på eit seinare møte.

Sak 013/21 Sogndal kyrkjelydsblad - vurdering av tilbod på trykking mm

Vedtak:

- 1) Sogndal kyrkjelege fellesråd viser til innkomne tilbod og vel Ingvald Husabø Prenteverk AS (Leikanger) som leverandør ved oppsett og trykk av Sogndal kyrkjelydsblad frå og med haustnummeret i 2021.
- 2) Framlegget til årlege bladpengar vi bed om ved utsending av giro, vert halde uforandra på 300 kr for dei som bur i kommunen og 400 for utanbygds abonnentar.
- 3) Redaktøren får fullmakt til å justere annonseprisane i samråd med administrasjonen.

For Sogndal kyrkjelege fellesråd

Jostein Risa
rådgjevar IKT og gravplass / fungerande kyrkjevevjerje